

holmgang



Bondeungdomslaget i Stavanger

1/75

3. årgang


Stavanger 1975

UKLOK FRAMFERD

Dei som er med i eit ungdomslag eller særslag innan dette laget er vel klår over at eit medlemskap forpliktar og stiller ein del krav som ein av og til må oppfylle. Nokre greier truleg å leva opp til dette på ein tilfredsstillande måte. Andre derimot syner ikkje dei same eigenskapar eller interesser. Det kan vera så mange grunnar til dei ulike prestasjonane. Eg vil i denne samanheng berre nemna slike ting som tidlegare røynsle, interesse for lagsarbeid og særlege eigenskapar. Den som har leiinga for det heile har også stor påverknad for kor mykje medlemene er motiverte for oppgåvene. Den som også har leiinga av eit hovudlag eller eit særslag, skal så saman med styra sjå etter at plikter blir utførte og at reglane blir fylgde på forsvarleg vis.

og praksis i BUL slik eg til no har møtt gjennom 5 år som medlem i laget. Gjennom det siste året har ein diverre fleire gonger kunna møta etter mitt, og mange sitt syn, ein altfor sterk språkbruk og handsaming av medlemene. Dette vil eg ta sterk avstand frå, og eg trur ikkje det er i tråd med ei god og tillitsfull lagsånd.

FRAMHALD SIDE 9.



LEIAR

Redaksjon for Holmgang,
 BUL, Stavanger.

Kjellaug Hidle
 Solveig Wixø
 Tor Sandvik
 Målfrid Grimstvedt
 Gudmund Syrtveit

For andre gong har me fått innlegg til Holmgang som kritiserar tillitmenn i laget.

Redaksjonen driv ikkje sensur av stoff. Stoffet må berre vere på nynorsk og ikkje stride mot BUL sine lover.

HAR DU HUGSA ÅRSPENGANE !!!
 DET ER ENNO TID TIL Å BETALA,
 DERSOM DU IKKJE ALT HAR GJORT
 DET.

På grunn av at Holmgang berre kjem ut fire gonger i året, får den kritiserte tillitsmannen høve til å lese innlegget og anten svare i same nummer eller ta saka opp direkte med rette vedkommande og la saka bli mellom dei to. - Det siste set me mest pris på.

| | | |
|---|--------------------------------------|-------------|
| SENT AV. | POSTEIRO INNBETALINGSIDET SENT AV | Til FOMARKE |
| AV PETER AAS | KOR. PETER AAS. | POSTO 4000 |
| TIL BONDENINGDOMSLAGET ØRE HOLMEGATE 20 4000 STAVANGER. | | |
| [67445] | | [67445] |

Me har, som de ser, fått svært mange innlegg denne gongen. Berre særлага manglar.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 15mai.

DET NYE LAGSSTYRET SER SLIK UT:

Gudmund.

| | | |
|--------------------------|---------|-------------|
| Form. Audun Aarflot | telefon | |
| | 51268 p | 044/81180 a |
| N.form. Gudmund Syrtveit | | 30080 |
| Kass. Oddvar Flatabø | 21831 | 29500 |
| Skriv. Marit Osland | | 28176 |
| Trond Dahlen | | 044/22500 |
| Ingrid Søyland Hope | 37511 a | Magnus Hope |
| Inger Frøyland | 23521 | |
| l.varam. Sissel Mæle | 25542 | 31000 |

FORMANN I LAGSBRUKSSTYRET:

Olav Varhaug 75212 p 29575 a

75-ÅRINGEN BUL, UNG ELLER GAMAL.

Tankar kring eit jubileumsår.

Me byrjar å trekka på åra me óg no. Me er faktisk mellom dei eldste ungdomsorganisasjonane her i byen, og eg må seie at til vår ros stiller me i ei klasse for oss sjølv; for me har plass til ungdom i alle aldrar. Dette at me kan stå som medlemmer så lenge me vil utan å måtta gå for ei fast aldersgrense, ja, det skaper ein fin kontinuitet i laget, og kan vel og vera med på å jamna ut denne generasjonskløfta som alle snakkar om.

Kva oppgåver har - og kva oppgåver bør Bondeungdomslaget ha i dag? Tidlegare veit me at ungdomslagsrørsla var sterkt oppteken med opplysningsarbeid. Foredrags-haldarar reiste land og strand rundt og heldt foredrag om ulike emne. Og folk møtte fram, for dei var kunnskapshungrige, og fekk ikkje som no stetta denne hungeren i dei moderne massemedia.

Tidene har skifta, og me må omstille oss etter det. Men BUL av i dag bør framleis vera ein samlingsstad for folk som vil verne om norsk mål, sed og skikk. Me må likevel ikkje lulle oss så inn i nasjonalromantiske tankar at me ikkje er vakne og aktpå-gjevande for det som skjer i dag. Me må drive ein aktiv samfunns-

kritikk, engasjere oss i alle saker som rører ved vårt leve-sett og miljø og stå fast mot alle nedbrytande faktorar i samfunnet av i dag. Me må, for å sitere ein skribent i eit tidlegare nr. av "Holmgang", vera eit lag med meiningar, og ikkje berre ein tja-flokk som let alt utanfor våre husvegger gå sin tildels skeive gang.

Kan me greie dette, er 75-åringen framleis ung og livskraftig. I motsett fall kan me lett verta ein sovande olding.

Jubileumsåret bør og vere eit sjølvransakingsår. Oppfyller me dei krava me har sett oss sjølv som lokallag av Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag? Eller berre driv me med straumen og vel minste motstands veg? Det siste er alltid enklast, men ei slik løysing ville vera ei skam for Bondeungdomslaget. Dette vil og seia at me må ikkje einsidig ofra oss for dei oppgåvene som akkurat no er populære, og "gløyme" dei andre som krev meir arbeid. Difor er mitt jubileumsønskje at alle medlemmer tenkjer litt over på kva dei skreiv under på ved innmeldinga og på kva det fører med seg å stå som medlem av Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

GODE-BUL-MEDLEMER

JA, NÅ FÅR DE SMØRJA SYKKELEN.

I alle fall får de gjera det til sommaren. Stemna og årsmøte i Noregs Ungdomslag er i år lagt til Kristiansand, slik at det skulle vera kort sykkelveg for alle her. Dei har kome fantastisk godt i veg, og kunne vel halde stemna nå ein av dagane dersom dei hadde fått høve til det.

Eg nemner tida 3-6. juli alt nå slik at de kan setja av litt tid til stemne om ikkje anna fredag, laurdag og sundag. Det er ei oppleving for dei som tek i veg.

KONGSTANKEN for NU-styret nå og tidlegare òg, er at Norsk Ungdom burde gå ut til alle medlemmer. Dette er vel ei langsiktig målsetjing, men de får i alle høve prøva det eit halvt år. Vonar de set pris på det og at dei fleste òg vil halda fram som tingarar seinare.

Det er økonomien som gjer at vi ikkje på nåverande tidspunkt kan setja igang med NU til alle medlemmer.

Apropos, økonomi. Eg vil nytta høvet til å takka så hjarteleg som det går an for at hovudlaget og leikarringen gav inntekta av ein folkedanskveld til NU. Det varmer og det hjelper i ein


slunken kasse.

1975 er jo jubileumsåret her i laget, og det kom uventa og gledeleg at Formannsmøtet i Noregs Ungdomslag er innbedne til Stavanger i festhelga i september. Vi har takka ja til innbydinga og ser fram til utflytting frå Oslo for Formannsmøtet 1975.

Det som serleg går føre seg rundt om i laga nå, er Kven veit? og Miljø med meining?? Begge saker er det meining i, og det er vel det som er tilfelle med arbeidet vi tek på vår fritid.

DET ER MEINING I MILJØET VÅRT...
... og takk for det.

Ottar Vandvik.





I helga var det kombinert leik-leiarkurs og teaterkurs på Sand. Frå teatergruppa i BUI var me 3 personar som hadde høve til å vera med, noko me hadde stort utbytte av.

Odd Helø og Kristian Johnsen var med som instruktørar - og dei tok seg av kvar si gruppe når det galdt det praktiske teaterarbeidet

Den eine gruppa fekk prøva seg på dramatisering av 2 scener frå Peer Gynt, dessutan dramatisering av eit dikt; "Frøet" av Inger Hagerup. Oppgåver som me andre syntes dei kom fint i frå. Dokketeaterinnslag hadde dei óg. Alle i gruppa vart godt aktiviserte. Me i den andre gruppa fekk jobben med dramatisering av J. Sande sitt dikt "Tvo i ein galge" - og Svein Arne og Sverre hadde æra av å dingla i galgen. Ja, dei hadde sogar merke etter tauet rundt halsen ei long stund! Riktig nifst vart det til slutt, då me hadde brukt fantasien litt. Prosaopplesing hadde me óg på programmet, innleiinga til Skipper Worse. Eit fint stykke som det kan gjerast mykje utav. Så impulsar og idear har me fått i fleng. På slutten av kurset framførde gruppane det dei hadde laga for kvarandre. Du verden så moro!

Men noko teori vart det óg, i form av ei innføring i lags- og studiearbeid, administrasjon av ei gruppe - dessutan undervisning i oppbygging av ei scene, kulisser med meir.

Laurdagskvelden hadde me fest saman med elevane ved skulen. Med leik og dans, underhaldning av både elevar og kursdeltakarar. Og ikkje å forgløyma (prikken over i-en), den nattlege symjturen i skulens basseng etter festen - herleg !

No - kjære lesar - vonar du har fått eit lite inntrykk av kor utbytterikt eit slikt kurs eigentleg er - ikkje minst dette å treffa folk frå andre lag - så neste gong det er teaterkurs, vonar me på langt større oppslutning.

Ei lita bøn frå teatergruppa - me treng fleire folk. Både du med interesse for å vera aktør - revy - visesong - og du som vil hjelpa oss med lys og kulissar, kostymer og sminking. Me treng all slags talent !! Det er gjevande å jobba saman i ei slik gruppe - bli med og prøv !

FRAMHALD SIDE 7.

299ÅK112 FORVIRING I BUL.

Kvar haust blir det sendt ut eit lite program frå BUL som har som mål å orientera folk i Stavanger om kva program BUL har for sesongen og dessutan om kva ein driv med i laget. I denne "faldaren" er mellom anna føremålsparagrafen attgjeven, og det står fylgjande: "Laget skal først og fremst arbeida for målsaka, og for åndeleg og økonomisk vokster på norsk grunn." Ja, det står faktisk at laget skal først og fremst arbeida for målsaka. Er dette noko ein tek med berre for å gje folk eit inntrykk av at i BUL der blømer målsaka, eller er det verkeleg slik stoda er i dag at målsaka vert høgt prioritert og påakta?

For meg ser det i alle fall ikkje slik ut at mykje av det som blir skriva i BUL i dag representerer nokon god reklame for målsaka. Kvar veke er ein vitne til oppslag i BUL der det vert synda grovt mot føremålsparagrafen. Det eg tenkjer på er kunngjeringar om kurs av ymse slag, festar, lagsmøte og anna. I vinter har ein vel ikkje kunna unngå å sjå til dømes fylgjande med store bokstavar: "BEGYNNARKURS i leik og gammaldans." Dessutan var det før jul ei heil "veggavis" frå inngongsdøra nede og opp trappene der det krydde av ord som slett

ikkje høyrer heime i nynorsk skrivemåte. Denne lange "veggpryden" skulle reklamera for loppemarknad, og målet var å skapa så stor interesse for marknaden at den økonomiske vinninga skulle bli så stor som mogeleg, noko ho også blei. Men kven tenkte vel på å bry seg om nynorsk og rettskriving når ein kunne oppnå det store på andre felt.

Eg vil difor våga den påstand at mykje av det som for tidå blir skriva i BUL er meir nedbrytande enn det er tenleg for målsaka. Nynorsken vert gradvis smuldra opp i og med at ein blandar inn svært mange bokmålsord. Dette er verre enn noko. Dei som ukritisk skriv ei blanding av bokmål og nynorsk reduserer føremålsparagrafen til det minimale. Ikkje trur eg at den einaste årsaka til dette mistaket er at mange av medlemene kjem frå sjølve Stavanger. Eg trur heller at det skortar på vilje til å nytta ordlista, og dessutan tenkja nøye gjennom det ein skriv.

For ikkje lenge sidan blei det frå øvste hald i laget retta kritikk mot målføret i Barnelaget når dette heldt programkveldar. Borna blei kritiserte fordi dei snakka "pent" som det blei uttrykt. Men kva med desse kritikarane når dei sjølve

FRAMHALD SIDE 7

TEATERKURS - FRAMHALD FRÅ 5. 5.

Teatergruppa har ikkje hatt sitt årsmøte enno, og me må difor publisera eit eventuelt nytt styre på eitt seinare tidspunkt.

Heilt til slutt vil eg retta ein STOR-TAKKEKLEM til Odd Helø og Kristian Jo(H)nsen for inspirerende kurs.

Helsing Malfrid.

LÆRERIKT LEIKLEIARKURS PÅ RYFYLKE FOLKEHØGSKULE.

Helga 7.-9. februar 1975 vart leikleiarkurs halde på Ryfylke Folkehøgskule på Sand. Leiklærarar var Nils Nersten og Borghild Hardang Dahlen.

Kursa er etter kvart blitt årvisse og i år var det 27 deltakarar frå forskjellige deler av Rogaland fylke.

Det var eit variert program med korte, effektive førelesingar, gruppearbeid og opplæring og innføring i folkeviseleik og dans, både teoretisk og praktisk. Kvar av deltakarane fekk prøva seg som instruktørar.

Laurdagskvelden var det lagt opp til ein kosekveld med underhaldning laga av ei deltakargruppe i samarbeid med nokre elevar på folkehøgskulen. Det har alltid vore eit godt samarbeid med skuleleiinga og elevane på skulen.

SPRÅKLEG FORV. - FRAMHALD FRÅ 5. 5.

gjer språkmistak, og når dei tillet at altfor mange av medlemene i laget får nytta eit målføre som korkje er nynorsk eller bokmål, men ei forferdeleg samanblanding.

Nei, skal målsaka betrast må ikkje berre kvar einskild som skriv noko, tenkja seg nøye om, men også leiinga i laget må setja strengare krav. Eit konkret framlegg frå mi side er at laget kjøper inn ein del ordlister av siste utgåve som kan stå i BUL. Desse kan så nyttast av medlemene dersom dei finn seg tid til å sjå etter om det dei skriv er i tråd med nynorsk skrive-måte.


Hans Ole.



Kurset var lærerikt, gav deltakarane inspirasjon til vidare arbeid i deira eigne lag og gav absolutt "kursmeirsmak".

HJE

ÅRS-



MØTE.

Årsmøtet som vart halde onsdag 5. februar, samla bra med folk og vart greitt avvikla.

I samband med årsmeldinga vart det noko ordskifte om B-gjengen. Er dette eit særslag til leikarringen, ville Arne Molaug vita og meinte at i så fall var det ulovlege ting ute og gjekk. Formannen i leikarringen, Nils Nersten, gjorde greie for saka. Det har vore naudsynt å dele ringen i to mellom anna på grunn av for mange medlemmer. Noko særslag er det ikkje.

Endring av lov for leikarringen var oppe til godkjenning. Også her vart det ein del ordskifte før lova vart godkjent med ei mindre endring og mot tre røyster.

Årspengane vil frå no automatisk bli heva i samsvar med auke i årspengane til Rogaland Ungdomslag og Rogaland Mållag.

Framlegg til endring av føremålsparagrafen i lagslova innsendt av Nils Nersten vart utsett etter eit kort ordskifte.

Audun Aarflot vart samrøystes attvald som formann for laget. Det vart retta takk og lovord til formannen for fin innsats i året som gjekk. Han vart overrakt blommar av Gudmund Syrtveit.

Formannen i nemnda for NU-lotteriet 1974, Leif Rasmussen, overrekte N. Nersten Dølen, som premie for beste loddosal.

RESULTAT AV VALA

Formann: Audun Aarflot (attval), formann for lagsbruksstyret: Olav Varhaug (attval), tre styremedlemer til lagsstyret: Marit Osland (ny), Trond S Dahlen (ny), Ingrid Søyland Hope (ny), to styremedlemer til lagsbruksstyret: Attval på Olav Dale og Roald Håvardsholm, åtte rådsmedlemer: Eli Olsen (ny), Trygve Søyland, Magnus Hope (ny), Arne Molaug, Endre Brigtsen, Ole Nøkling, Dag Duckert (ny), Alf Natskår (ny). Fem varamenn til lagsstyret: Sissel Mæhle (ny), Kåre Vetrhus, Marit Finnesand (ny), Tor Sandvik (ny), Collin Thompson (ny), tre varamenn til lagsbruksstyret: Yngvar Ekeberg (ny), Malfrid Roen (ny), Peder Hodne, fem varamenn til rådet: Hans Vik, Gunleiv Handeland, Odd Helø (ny), Heming Isaksen, Sigmund Finnesand. Ottar Vandvik og Daghild Håvardsholm vart attvalde til ettersynsmenn.

UKLOK FRAMFERD

FRAMHALD FRÅ 3 1.

Fram gjennom dei siste åra har nok formennene også måtta registrera at plikter er blitt forsømde, og at oppgåver ikkje alltid er blitt løyste slik dei helst burde. Det kan ha vore større eller mindre saker. Men måten slike problem er blitt løyste på, har truleg ikkje fått slik omtale at nokon offentleg har måtta stå til ansvar for mistak. Ein har kome fram til løysingar og kompromiss på tomannshand.

Det kan ein ikkje seia blir praktisert av formannen for eit av særлага i dag. Vedkomande tolkar tydlegvis ikkje vanleg tiltaleform. Paragraf 6 i lova for leiarringen seier at om nokon viser uhøvisk framferd eller gjer noko i openberr strid med ringen sine føremål, kan styret røysta vedkomande ut. Om nokon enno ikkje er røysta ut, så har i alle fall formannen gjort seg til einetalsmann for

styret i saker som fyrst burde ha vore drøfta grundig i styret. Seinare kunne desse sakene blitt tekne opp med rette vedkomande før vidare avgjerd blei fastsett. Formannen sin framgangsmåte meiner eg er eit alvorleg brot på gjeldande reglar og praksis i BUL. Eg veit at fleire av medlemene i laget er blitt såra av ein tiltalemåte som avspeglar mindre god omtanke for dei som skal vera med i laget.

Vedkomande vil sjølvsagt meina at dette er ein påstand og framgongsmåte som ikkje høver for slik open omtale. Til det vil eg seia at dette kan jamstellast med det som blei presentert for medlemene på årsmøtet i leikarringen før jul. Den som legg opp til slik "politikk" kan vel ikkje krevja noko anna av motparten.

Hans Ole.

Red. har gitt innlegget til nemnde formann. Han vil ikkje svara på det.





OLAV NÆVDAL TIL MINNE.

Sundag 12. januar gjekk syrgjebodet om at Olav Nævdal var slokna brått. Sjølv om dei næraste visste at Nævdal hadde vore plaga med hjarta før, so såg han no ut til å ha vunne over det. Fredag 17. januar - bålferd frå krematoriet der mykje folk var møtt fram. Det var blomar frå slekt og vener og frå BUL og Losje Rogaland. Urna vart førd til heimbygdi Lindås.

Den 17. mai 1925 steig Olav Nævdal i land i Stavanger. Byen var då som no i feststemning, det var 800 års jubileum. Her fekk han sin arbeidsdag i nære 50 år. Olav Nævdal var bygningsmann av yrkje. Han fekk si læretid hjå brdr. Are, og hjå dei var han mesteparten av tida her.

Han kom snart med i arbeidet i BUL og Losje Rogaland. Målsak og fråhaldsak var hjartesakene hans, og der firte han ikke ein tomme, kven det var som ville overtida


nan om noko anna. Nævdal var ingen særlagsmann, einast Spellaget kunne rosa seg av innsatsen hans. I lynne hadde han noko av skodespelaren i seg. Men var det snakk om ei festnemnd, eller å ha Bondeguten, var han ikkje uviljug. På utferdstadene Hafsrø og Vonheim var han titt. (Den siste staden hadde laget saman med Losje Rogaland og låg i Hillevåg.)

Som fast gjest på Matstova, var det rimeleg at han kom inn i Lagsbrukstyret og var med der til stovene måtte leggjast ned. Her var han óg formann og fekk røynakor vandt det var å få endane til å rekkja i hop. Det var eit tungt slag for Nævdal.

Til slutt var det berre Gubbelaget og Rådet han var med i, og etter at han flytta inn i 3dje høgda i Øvre Holmeft. 20 fekk han tilsyn med huset. Han var til god hjelp for dei unge når det var noko dei stod i beit for å finna, han passa på det som skulle det vore hans eige. Det siste han var med på, var å berga alt skriftleg av møtebøker, bondegutar og brevbyte som har samla seg gjennom åra. No er dei samla i Statsarkivet.

Han vil verta sakna av både unge og eldre for den friske replikken og den gode historia.

Me minnest han med vurnad.



BUL si haustutflukt vart dette året lagt til Gravatnområdet i Sirdal.

Maskinhusets romslege bedriftshytte ca. 6 km vest for Sinnes, vart leigd for dagane 18-20 okt. Påmeldinga til turen var ganske god. Av dei påmelde møtte vel halvparten (18 i tal). Dei fleste reiste opp alt fredags kveld, dei øvrige laurdag utpå ettermiddagen.

No var det regnleg og halvtungt vær den weekenden, som naturleg nok gjorde sitt til at det vart noko fråfall. Regnet som varde ved frå byen, gjekk etter kvart over til sludd (snø), då me pålag var nådd Øvstebø i Byrkjedalen.

Vinduspussarane fekk fullt kjø med å halde frontrutene nokonlunde sjåbare gjennom snødrevet. Ingen hadde skodd bilen for vinterføre, men med å avpassa farten etter veg og føreforhold, kjem ein vanlegvis trygt fram.

Sportshytta som var leigd, er ikkje av dei mest vellykka, arkitektonisk sett, men vel kome inn viste ho seg å vera romsleg og praktisk. Varme på peisen og god lunk i overnattingsroma, hadde dei som kom dagen før oss, sytt for.

Utpå kvelden vart det sunge ein god del (folkeviser o.a.). Fleire leikar vart det óg, beinkrok (med rygg mot golv), flaskebalansering m.m., friskar opp.

To trekkspelerar hadde instrument med, så høvelege tonar til å svinge seg etter, vanta såvisst ikkje. Dag lokka fram kjende folkemelodiar or medteken tussefløyte. Inger las nokre Ajax-stubbar, med rette dialekt sjølvsagt. Nokre av oss vart sitjande og syngje, spele fløyte o.a., til utpå morgonsida.



Underteikna var oppe nokså tidleg, fór ut for å finna veileigna fotomotiv etter snøfallet. Ca. femten cm. var falle, og dekte lyng og stein og pryda einer og krøglebjørk, som enno hadde eit og anna lauvblad att. Gild, fin vinterstemning var det minsanten.

FRAMHOLD 5 12.

SIRDALSTUREN.

FRAMMÅL FRA S. 11.

Fleire av oss var ute og trimma langs vegen. Fann på å rulle kjempe-snøballar, og dei vart så nytta til å laga snøkjerring av på ca. to meter.

Me fann så på at ho høvde bra til å danse songleikar rundt, medan folk i forbipasserande bilar vinka og smilte til oss.

Vel innkomne etter den forfriskande gode mosjonen, vart me einige om å lage fellesmiddag. Ein god del diverse hermetikk, rikeleg av potetstappe og ymist anna medteke, smaka upåklageleg.

Litt svingom og anna vart det óg utpå ettermiddagen, før me takka for gildt, stimulerande samvær denne helga.

Vonar att enno fleire vil bli med ein annan gong, til ekte, sunn kameratsleg utferdstur.



12.

KVA BUL ER ?

Det er ein kontaktklubb for tilflyttarungdomen. Ein kunne sjå på sluttresultatet, snevra inn og seia: BUL er ein gifteklubb. Ungdom av begge kjønn kjem saman, stiller seg ut, syner kva dei kan på dansegolv, det er eit fesjå. Dei som finn kvarandre på denne måten, giftar seg og får born, dei syner seg ikkje i BUL sidan. Laget har gitt dei kva dei ville ha. Sume av dei gifte held fram som leidarar, dei syner takksemd slik.



Dette er ikkje sagt med nokon skeiv og beisk flir, må du tru. BUL har jamvel plass for dei som ikkje er fullt så blomstrande, t.d. ein halvsur gamal ungar som eg. Alle veit at det ikkje er lite viktig å finna "den rette" å leva saman med. Like born leikar best. I BUL kan du møta ei/ein som tenkjer som deg, snakkar som deg - difor har dei nynorsk som sak i føremålsparagrafen. Ei sak skal ein alltid ha å samla seg om, som ei fane.

FRAMMÅL S 13.

KVA BUL ER?

FRAMHALD FRÅ S 12.

Ein arbeider for norskdom i laget, velvel. Det fell seg slik, at det meste av tilflyttarungdomen kjem frå bygdene, og det er slik, at alt me kallar norsk kultur, det er bondekultur. Impulsane kom utahfrå, utanlands frå, slik som eventyr, folkeviser, bunad og hardingfele. Etter eit kort opphald i byane kom kulturimpulsen til bygdene. Der tok dei vare på han, laga det om, og etter eit par hundre år hadde stoffet fått sin eigen vri, det var blitt norsk. Her spelar me enno på hardingfele, medan stammora "viola d'amore" ligg på museum elles i verda.

(Sant nok, det er ei norsk bygd som har lært verda å stå på ski. Men ski er ikkje med i føremålsparagrafen til BUL.)

Gamaldansen er for det meste tysk og polsk. Men det gjer ingenting. Ungdom kjem saman. Ein kunne like gjerne stå på hendene saman eller fanga fluger (norske fluger!!) om det hadde interesse.

Det beste BUL har teke med seg frå bondekulturen er det venlege, romslege miljøet. I vanleg fiendsleg bymiljø er "ungdom" det same som "tenåring", dei andre er born eller gamlingar. Frå bygda kjenner ein storfamilien og småmiljøet, der aldersgruppene blandar seg i naturleg samvære. Aldri må BUL verta så stort at ein meir og meir må dela opp etter alder: Barnelag, ten-lag, gubbelag.

Det er gildt å tala med born, det er gildt å høyra kva dei eldre har å seia, anten det er vist eller gale. På ein fest kan ein sjå born og ungdommer dansande med vaksne, jamvel folk med kvitt hår.

Det er klårt, ein er ikkje ute etter seksualpartnar i slike tilfelle, for ein kveld eller for heile livet. Ein kan koma til BUL for ein kopp kaffi og ein prat. Vert ein lei av kaffi, så kan ein slutta i BUL, kan henda koma att seinare.

Det er naturleg med gjennomtrekk. Her tenkjer eg ikkje på eit bygningsteknisk fenomen i storsalen, noko som utan vidare prioriterer dans og hopping, eg tenkjer på at folk sluttar og nye kjem til. Elles kunne ein ha slått tak over heile byen og kalt han for BUL. Alle her har si rot i det norske bondesamfunnet, same kva nummer generasjon dei har.

Ein kan undra seg over at BUL tek inn jamvel reinspika byfolk. Den tidlegare lagslova sette ei nedre aldersgrense: 18 år for byjenter og 25 år for bygutar. Det tolka eg slik at spreke bondegutar godt kunne tenkja seg vene byjenter å dansa med. Dei eldre bymennene kunne vera nyttige til å føra folket inn i dei rette snirklane, skaffa gode jobbar åt dei. For BUL skal arbeida for økonomisk vokster, som det enno heiter.

FRAMHALD S 14.

KVA BUL ER?

FRAMHALD FRÅ S 13.

Det var slett ikkje lett for bygdeungdomen som kom til byen, fødselsoverskot som dei var, sparka ut or reiret. Byungdomen hadde fotfeste i byen. Dei hadde betre utdanning, betre kontaktar og tala det rette forretningsmålet.

BUL har virka med til anerkjenning av bygdeungdomen, ikkje minst med folkedansen, som alle tykkjer er vakker, til oppvisning. BUL er ein bykultur skapt av ein viss del av byungdomen, den delen som hadde barnevogga si ståande ein stad på bygda. Det var heimen, eit tapt land. (Å flytta frå den eine enden til den andre av steinørkenen sjølv er ikkje så opprivande.)

BUL dyrkar ei foredling, ei idealisering av gamal bygdekultur der ein likevel saknar det viktigaste: Arbeidet med jord og dyr. (Blomsterpotter, hagestell og kjæledyr er ikkje det same.) Så får ein heller dansa energien av seg.

Målet, bygdedialektane med nynorsken som skriftleg form, det har i stor mon fått godkjenning, endåtil status - så lenge ein ikkje reiser inn til Oslo. Det er ikkje bruk for nynorsk amatørteater i BUL, Stavanger. Ikkje slik å forstå at Rogaland Teater har teke over oppgåva, når ein ikkje reknar Ajax, i naudhøve (jfr. naudhåve). Men før måtte dei spela på BUL-scenen, det var ein trong. Emnet

var alltid frå garden, heimen, for liksom å skapa seg ein illusjon av det kjende miljøet, her i framand by.

Typisk nok, berre i Oslo har dette utvikla seg vidare, til Det Norske Teatret. Dei treng ein kampszene der inne i bokmålshovudstaden, har jamvel vore frekke nok til å gå laus på Ibsen i nynorsk omsetjing, berre for å syna at nynorsk er meir enn eit graut- og fjøsmål.

Kva er så oppgåva til Bul, no i dag? Som før, så meiner eg det er å laga eit tilbod for tilflyttarungdomen.

FRAMHALD S 15.



KVA BUL ER?

FRAMHALD FRA S. 14.

BUL må ikkje stagnera i ein slags romantikk. Nett no er det moderne med "nostalgi", heimlengt. Slik sett er BUL komen på moten, i ein stil med røter i lange tiders norskskdomsarbeid, der frigjering frå Danmark, frå Sverige (og frå EF?) vart politiske resultat.

Å hevda norskskdomen, å vera byrge av heimen vår, det er ei oppgåve, men ikkje i seg sjølv, til folkemuseumsbruk. Det er berre ei oppgåve i tilhøve til menneska det gjeld. Norskskdom kan ein bruka til å skapa eit positivt miljø. Skal BUL då ha nok med sin eigen, tradisjonelt bra ungdom, lærarskuleungdom som er frylindt frelst frå før?

Han som kjem full forbi frå "Gjesteheimen", slåst i gata og pissar i den fine oppgangen, han er kan henda óg ein BU, ein som aldri kom innanfor til dans og leik. Det er ikkje sant at bondeungdomen utan vidare høyrer til dei rettskafne, bra og veltilpassa i bylivet. Statistikk syner at omkring 2/3 av unge narkomanar, alkoholikarar og kriminelle er tilflyttarar, frå land til by, frå småbyar til større byar.

Ein kan lettvint tolka det slik at rasket samlar seg på bosplassen. Men trur du ikkje desse har forsøkt å vera menneske? Urbaniseringsprosessen er unaturleg, og dei veike, taparane, får betala med livet sitt.

I BUL må du koma rein og strigla. Det nyttar ikkje om du er usømeleg

i framferd og luktar alkohol, det som på bygdedansen er heilt vanleg. Så er det klårt at BUL ikkje er nokon sosial velferdsforening. BUL er eit kulturelt kloster som har nok med seg sjølv, Skulle BUL driva meir misjon, reklame? Skulle BUL, utanom å dansa for oljefolk, spreia plakatar rundt i bygdene: SKAL DU TIL BYEN? KOM TIL B U L ! DER VIL DU FINNA DET DU SØKJER.

Det ville ikkje vera sant. Slik er BUL sympatisk, ein lovar ikkje gull og grøne skogar. Bli medlem, men ikkje tru at du kan få utfalding korleis som helst. Her skal ein køyra smale spor.

Det verste er jo at BUL ikkje vert sett så høgt på folkemusikkhald, det norskaste som finst. Me har ikkje spel og dans i levande tradisjon, heiter det. Me har lært det heile på kurs, og det er juks. Bygdeungdom får høyra Thu-stubbar og felespel for fyrste gong i sitt liv, når dei kjem i BUL. Fandango, kven dreiv med slikt heime? Men dei trykkjer det til sitt bryst i alle fall, dette er bondekultur og hjelper dei av med sume mindre-verdskompleks, her i byen.

BUL sjølv er ikkje noko juks. Det er eit lag som måtte bli akkurat slik, i spaningsfeltet mellom by og land. Og så får me sjå kvar kuo vassar, seinare.

Heming.

BARNELAGET

Før barnelagsmøtet sto det eit oppslag: "Kom! Støtt barnelaget, BUL's framtid!" - Dei kan stø barnelaget kven som vil, men BUL si framtid er det ikkje. Når desse borna veks opp, har dei ikkje meir i BUL å gjera enn annan byungdom. Det er det vaksne BUL som ber laget, og fleirtalet av medlemene i det vaksne BUL kjem frå bygdene, no som før. Den dagen det kjem jamvekt mellom by og land, når byane må slutta å veksa, då er det óg slutt på BUL. Det vert ikkje meir bruk for BUL. Ja, om det ikkje skulle koma i stand ei utveksling, med BUL i byen og BUF (byungdomsforening) i det grøne.

Eg tykkjer godt om barnelaget, men det har ikkje meir med BUL å gjera enn at dei som likar barnearbeid kan få prøva seg der. Dei må lika det så godt at dei ofrar heile fritida si, utan å få eit øre for det, og heller lita ære. Til jamføring får spelemannen både pengar og stor ære. (Spelemann: Ein som gnikkar på fele eller dreg trekkspel.)

At barnelaget står i beit for leidarar er ikkje det minste rart. Det undrar meg at kommunen gjev pengar til vaksenlaget, ein gjeng som kjem saman for å mora seg på sin måte. Dei ungdomane i byen som likar å gå på kino og restaurant kunne óg organisera seg og krevja stønad.

Med barnelaget er det annleis. Der skulle kommunen sjå med glade auge på at byborn får ei positiv opplæring i eit godt miljø. Så knuser dei ikkje ruter den stunda. Det skulle vore profesjonelle barneleidarar på heiltid. Kan henda hadde dei pønska ut ein måte å få smågutane med i barnelaget. Det er helst gutar som veks opp til ukjurer. Småjentene er så søte og snille som dei kan vera frå før, likevel.

Heming.



BARNELAGET



er no i full gang etter at innføringskursera er ferdige. Kvar tysdag samlast ca. 100 born som er delt i grupper etter dei interessene dei har. Gruppene tek til kl.18.15.

Tilboda dekkjer sjølvstøtt ikkje alt borna vil gjera. Me har ei teatergruppe med Nina Askeland som leiar. Bjørg Håland og Else Margrethe Jacobsen leiar vise-gruppa. Den er førebels delt i to. Ei gruppe for 5 1/2 - 7 år og ei for 8 - 11 år. Bjørg Kile tek seg av dokketeateret saman med ei venninne som eg i skrivande stund ikkje veit namnet på. Einaste hane i korga er Bjarne Lien. Han tek seg av blokkfløytegruppa. Dansen og leiken er framleis i gode hender. Liv Gunvor Mørterud leiar dei minste, 7 - 10 år. Dei tek til kl.17.30 og dansar fram til litt før 18.15. Kl.19 kjem Anne Merete Dalland og dansar med dei store, 11 - 13 år.

I år vil me freista å gjera noko for dei ivrigaste borna som har vore med i fleire år. Eli Olsen vil læra dei meir ukjende dansar. Dette gjer me for at dei ikkje skal mista lysten til å vera med. Tenåringane er komne inn under B-gjengen sine vinger. Det ser ut til at dei trivst med det. Dei er enno medlemmer i Barnelaget og vil vera det inntil dei er gamle nok til å verta medlemer i det vaksne laget.

Som de ser, har me fått fleire hjelparar med oss. Me er svært glade for det. Takk skal dei ha!

I neste nummer vil eg koma att og fortelja korleis det går med oss og kva dei ymse gruppene driv med. Då kan me óg fortelja kven som er med i det nye styret.

Helsing

Berny Nilberg.



OM KVAR EIN BLOM
VAR SUKKERSKUM,
KUART BLAD EIN
DIGER LAKRISBÅT
OM INGEN VAKSEN
VAR STRENG OG DUM,
OM DEI LËT MEG
GÅ UT OG BLI VÅT...

VAR SOLA REIN
OG SÅPA SVART
OG OM KYRNE MJØKA
GRUS,
OG OM EG ALDRI
SLO MEG HARDT
NÅR EG DATT
PÅ STEIN OG GRUS.

OM JULENISSEN
KOM KVAR EIN DAG
MED GÅVER TIL MEG
OG TIL MOR
OG EG FEKK LEIKA
MED HAN I LAG...
NEI, EG TRUR' KJE
EG VIL VERTA STOR.

Bjorn Moriss.



bok nytt.

Under denne tittelen vil de finne omtale av nye nynorske bøker, og me vil freiste så godt me kan å få med oss så mange som mogleg. For at dette skal gå, har me teke kontakt med ulike nynorske forlag for å få tilsendt bøker for omtale etter kvart som dei kjem ut. Desse bøkene vil så bli utstilte på den tradisjonelle bok-kvelden kvar haust.

Norsk Barneblads forlag kom sist haust ut med 6 barnebøker. Desse, og tidlegare utgjevne bøker, finn du vanskeleg i ein bokhandel, men du kan tinge dei frå Norsk Barneblad, Ibsensveg 2, 3250 Larvik. BUL-Oslo, Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og Norsk Måldyrkingslag står bak Norsk Barneblad.

"NORSKE BARNERIM OG LEIKAR" samla av biskop Bernt Støylen har kome ut i ny utgåve. Denne boka skulle vera midt i blinken for unge foreldre med sitt rike utval i regler og rim, leikar og songar. Det står og kvar i landet dei ulike leikane og rima er ifrå. Boka er rikt illustrert og har eit godt notetillegg.

Pris kr.25,- innb.

"HUCK FINN OG EVENTYRA HANS" Mark Twain kjenner vel dei fleste, og her let han oss få ta del i alt det eventyrlege Huck Finn

opplever. Ei bok som både born og vaksne kan ha glede av å lese.
Pris kr.25,- innb.

I "STORMEN SPAKNAR" tek Arvid Hanssen opp eit dagsaktuelt problem, nemleg fråflytting frå utkantbygdene. Her fortel han om unggutane Arne og Erling frå utkantbygda Veslevågen som ikkje vil gje etter for presset frå "vekstsenteret". Dei tek opp kampen, leiger seg ei skøyte og driv fiske for seg sjølve.

Pris kr.22,- innb.

"PÅ VIDEVANKE" - Her fortel Johannes Heggland meir om Dagbjørn og lagnaden hans. Tida er rett etter svartedauden, og no er Dagbjørn på veg nordover. På denne ferda blir han uskuldig mistenkt i drap, og må røme frå bygd til bygd, heilt til sanninga kjem fram.

Pris kr.25,- innb.

FRAMNALD 5 19.

BOKNYTT.

FRAMHALD FRÅ S. 18.

"SLAVESKIPET" er frå den tida då det vart henta slavar frå Afrika til Amerika. Paula Fox fortel her om ein amerikansk gut som blir tvunga til å vera med på ei slik ferd. Pris kr.24,- innb.

"SOGA OM HÅKON FRÅ ROGEN" er ei spanande forteljing frå vikingtida, skriven av E.C.Haugaard. Håkon er hovdingeson, men då han blir farlaus, må han gøyme seg for andre som vil tilrive seg makta, til folket reiser seg mot dei nye harde herskarane og vel Håkon til hovding. Pris kr.22,- innb.

Det Norske Samlaget har óg sendt oss ein del bøker for omtale.

Noko seint, men likevel: Ei svært interessant bok er "VÅR NORSKE JUL". Dr. philos Olav Bø har her ei populærvitskapleg framstilling av norske juleskikkar frå dei eldste tider til i dag, tradisjonar og truer som knyter seg til julefeiringa, som faktisk har røter heilt tilbake til heidensk tid. Boka er rikt illustrert med fotografi og teikningar.

Pris kr. innb.

"No må vi ropa på Vårherre", sa den eine fiskaren til den andre, dei låg på kvelvet ute i fjorden. "Tja, det må no finnast folk nærmare," meinte kameraten. -

Utdraget er henta frå "VELSIGNE KJÆFTEN DIN, PREST!" Her har Ivar Grimstad samla vist og gale frå sunnmørsk liv og lynne, i kvardag og fest, slik humoren viser det. Pris kr.29,-

"Ut ja ut, det var nordmenns trå-", byrjar eit dikt, og det sluttar med: -"Ut, for å venda heim." Herbjørn Sørebo har i haust kome med ei bok han har kalla, "ALLE REISER ER EIN OMVEG HEIM". Det er ei samling småforteljingar i kåseristil, om reiser han har hatt rundt om på jorda, der han heile tida var på heimveg. Boka er lettlesen og godt skriven. Pris kr.30,-

"RASMUS" er første romanen til Kjartan Fløgstad. Han hentar handlinga frå arbeidslivet i Sauda og til sjøs i utanriksfart. I sin hardkokte stil skildrar han sjøfolk og industriarbeidarar. Pris kr.47,-



Sit du på BONDEGUTEN ?



Me saknar Bondeguten frå åra
1950 til 1955. Så, eldre lagsfolk,
sjå etter om du har han i bok-
hylla di. Me har no fått samla
alle dei andre Bondegutane på
Statsarkivet. Me vonar at også
den siste kjem til rette.

LOPPEMARKNAD

Loppemarknaden i haust synte seg å
vera så velukka at vi prøver oss igjen.
Gamle ting og "skrot" har synt seg å ha
salgsverdi.
Derfor FINN FRAM SLIKT DU KAN VERA FORUTAN
OO LEVER DET I B.U.L.
Vi tek sikte på loppemarknad ein gong i
april. BORBILDA (loppetantom utan lopper)